

Protokoll for årsmøtet i Hjelmeland Samfunnshus SA

Tid og stad: Heildigitalt årsmøte i perioden frå 24.06.2022 kl. 19:30 til 02.07.2022 kl. 19:30.

Deltakarar: Alle medlemmer har fått innkalling. 18 medlemmer deltok på årsmøtet.

Sak 01/2022: Godkjenning av innkalling og sakliste

I følge vedtektene til Hjelmeland Samfunnshus SA, skal årsmøtet haldast innan juni, og det skal kallast inn minst éi veke før årsmøtet.

Samvirkelova gjev styret mynde til å avgjera møteforma. Styret har valt å halda årsmøtet digitalt, etter gode erfaringar med digitale årsmøte dei to siste åra.

Sidan årsmøtet er digitalt, blir både innkalling, sakliste og høve for å stemma i dei ulike sakene sendt ut samtidig. Varigheita på det digitale årsmøtet er sett til åtte døgn.

Vedtak: Årsmøtet godkjenner innkalling og sakliste.
(17 stemmer for, 0 stemmer mot, 0 blanke stemmer)

Sak 02/2022: Godkjenning av kven som har stemmerett

Alle medlemmer med kjent mobilnummer har fått personleg innkalling til digitalt årsmøte.

Styret har dei siste åra brukt mykje tid på å rekonstruera medlemslista/oversyn over andelseigarar, ut frå Hjelmeland Samfunnshus SA sine historiske dokument. Dette arbeidet er framleis ikkje fullført, men me har aldri vore nærare å ha ei tilnærma komplett medlemsliste.

Styret si tilråding: Alle medlemmene med kjent mobilnummer har blitt kalla inn personleg til digitalt årsmøte, og har dermed stemmerett ifølgje vedtektene.

Vedtak: Alle som har fått personleg invitasjon, og deltek i årsmøtet, har stemmerett.
(16 stemmer for, 0 stemmer mot, 1 blanke stemmer)

Sak 03/2022: Godkjenning av årsmelding for 2021

Årsmeldinga for 2021 blei sendt ut som vedlegg til årsmøtet, og ligg i tillegg på nettstaden til Hjelmeland Samfunnshus SA (hjelmeland-samfunnshus.no).

Styret legg fram årsmelding for 2021 til godkjenning av årsmøtet.

Styret si tilråding: Styret meiner at årsmeldinga gjev eit korrekt bilete av Hjelmeland Samfunnshus SA sin aktivitet. På bakgrunn av dette meiner styret at det er grunnlag for vidare drift.

Vedtak: Årsmøtet godkjenner årsmeldinga for 2021.
(15 stemmer for, 0 stemmer mot, 1 blank stemme)

Sak 04/2022: Godkjenning av årsrekneskapen for 2021

Årsrekneskapen for 2021 blei sendt ut som vedlegg til årsmøtet, og ligg i tillegg på nettstaden til Hjelmeland Samfunnshus SA (hjelmeland-samfunnshus.no).

Driftsinntektene var 7 prosent lågare i 2021 enn i 2020, og driftskostnadane har samtidig auka med 16 prosent. Driftsresultatet i 2021 er dermed vesentleg dårlegare enn tidlegare år. Grunna koronapandemien har me opplevd eit stort bortfall av leigeinntekter, og som frivillig samvirkeføretak har Hjelmeland Samfunnshus SA falle utanfor dei offentlege tilskotsordningane.

Rekneskapen for 2021 blir dermed gjort opp med eit negativt driftsresultat på kr 145.620,12, mot eit negativt driftsresultat på kr 33.909,98 i 2020.

Styret merkar seg at rekneskapen hadde blitt gjort opp med enda større underskot utan driftstilskotet frå Hjelmeland kommune og samarbeidsavtalane me har med Aluhak Systems AS, Hjelmeland Sparebank, Tytlandsvik Aqua AS og PG Installasjon AS.

Avskrivningar i 2021 utgjer kr 143.756,09, mot kr 140.261,66 i 2020.

Styret si tilråding: Styret meiner at årsrekneskapen gjev eit korrekt bilete av Hjelmeland Samfunnshus SA sin aktivitet, eigendelar og gjeld, finansielle stilling og resultat. På bakgrunn av dette meiner styret at det er grunnlag for vidare drift, men understrekar viktigheita av å halda fram arbeidet med å kutta driftskostnader og auka inntektene ved å skapa og leggja til rette for stadig meir aktivitet på Hjelmeland Samfunnshus.

Vedtak: Årsmøtet godkjenner rekneskapen for 2021, inkl. disponering av underskot ved overføring mot føretaket sin egenkapital.

(16 stemmer for, 0 stemmer mot, 1 blank stemme)

Sak 05/2022: Innspel til handlingsplan for komande arbeidsår

Styret bad om innspel og forslag til aktivitetar i handlingsplanen for 2022/2023.

Det blei ikkje lagt inn noko innspel til handlingsplanen.

Vedtak: Styret tar med seg innspela til handlingsplanen for 2022/2023 i det vidare arbeidet.

(14 stemmer for, 0 stemmer mot, 1 blank stemme)

Sak 06/2022: Justering av vedtektene

Vedtektene blei sist endra av årsmøtet 07.06.2018, i samband med utskillinga av teaterverksemda og namneskiftet til Hjelmeland Samfunnshus SA.

Etter kvart som drifta har gått seg til, meiner styret det er fornuftig å justera vedtektene, slik at dei samsvarer betre med den reelle drifta. Mellom anna vil me ha færre og meir aktive styremedlemmer. Arbeidsutvalet utgår, og blir erstatta av eit eige verv som driftsleiar. Driftsleiar er dermed ikkje ein del av styret lenger med denne ordninga, men driftsleiar har møte- og talerett i styremøta.

Vedtektsutvalet si tilråding:

§ 6, om styre og arbeidsutval, blir endra slik:

§ 6 Styre og driftsleder

Foretaket skal ha et styre på 3–5 medlemmer. Styreleder og styremedlemmer velges av årsmøtet. Valgperioden er to år.

Styret har ansvar for en forsvarlig organisering av virksomheten i tråd med lovens og vedtektenes bestemmelser.

Styret skal ikke ha honorar for sine arbeidsoppgaver.

Styret engasjerer en driftsleder til å ta seg av den daglige driften av foretaket. Arbeidsoppgaver, fullmakter og honorar blir fastsatt i egen avtale mellom styret og driftsleder.

Styreleder alene, to styremedlemmer sammen eller driftsleder kan forplikte foretaket med signatur. Styret kan meddele prokura.

Vedtak: § 6 i vedtektene blir endra i samsvar med innstillinga frå styret.

(12 stemmer for, 1 stemmer mot, 3 blank stemme)

Kommentarar:

Må ha et fast antall styremedlem. Kven skal bestemme om det skal vera 3 eller 5? Ingen vara på "opplæring"? – Helge Mæle 24. juni kl. 19:59

"Styret skal ikke ha honorar for sine arbeidsoppgaver" endres til "Styret kan gis honorar for sine arbeidsoppgaver, honoraret fastsettes av årsmøtet" – Ole Henrik Olsen 26. juni kl. 13:35

MERK: Dagens løysing for digitalt årsmøte har ikkje funksjonalitet som opnar for å stemma over innkomne forslag, så forslaga frå Mæle og Olsen blei ikkje røysta over.

Sak 07/2022: Val av styre

Valnemnda har bestått av Ole Henrik Olsen og Morten Hetland.

Leif Velde-Johannessen, Krister Seljeset, Edel Gausland og Oskar Ommundsen tek ikkje attval. Marianne Hausken Olsen har eitt år igjen av vervet som styremedlem.

Valnemnda si tilråding:

– Ole Henrik Olsen blir vald som ny styreleiar for to år.

– Morten Hetland er driftsleder, og går dermed ut av styret eitt år før tida. Harald Krokedal blir vald som nytt styremedlem for eitt år, som supplerer for Morten Hetland.

– Mette Katrine Bjørk Ingvaldstad og Kolbjørn Pedersen blir valde som nye styremedlemmer for to år.

Vedtak: Årsmøtet valde nytt styre i samsvar med tilrådinga frå valnemnda.

Referent:



Morten Hetland



Ole Henrik Olsen